

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 06.06.2018

**Einar Horvei (SV)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 5:

Regjeringa si jernbanereform er konkurranseutsetting og privatisering av persontransport med tog i Noreg. Fylkesutvalet meiner dette vil legge press på dei tilsette sine løns,- arbeids- og pensjonsvilkår, og føre til ein auke i byråkrati. Å samle ansvar for drift, vedlikehald og styring i same organisasjon er ei betre løysing enn jernbanereforma si oppdeling i mange mindre selskap.»

**Torstein Gunnarson (V)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 3:

Fylkesutvalet ser det som sterkt beklageleg at oppstart av Ringeriksbanen vert utsett til 2022. Det må løyvast til oppstart i 2021.»

### Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Gunnarson sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3. Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Horvei sitt forslag punkt 5 fekk 7 røyster (SV, A, Sp) og vart med møteleiaren si røyst vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Innkorting av reisetida på Bergensbanen er viktig i forhold til å auka person- og godstrafikk på bane, for å redusere transportulukker og for å redusere klimagassutslepp. Med ein reisetid på Bergensbanen til 4 timar vil banen kunne vere konkurransedyktig i forhold til flytrafikk på strekninga.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at det vert sett i verk tilbudsforbetringar i NTP-perioden 2018-29 på strekninga Bergen-Voss, og at det vert lagt opp til ferdigstilling av strekninga Arna-Bergen og terminal på Nygårdstangen.
3. Fylkesutvalet ser det som sterkt beklageleg at oppstart av Ringeriksbanen vert utsett til 2022. Det må løyvast til oppstart i 2021.
4. Fylkesutvalet vil framheve kor viktig det er med ei snarleg og heilskapleg gjennomføring av strekninga Arna- Voss, og vil understreke betydninga av framdrift i planlegginga. Deldelstrekninga Arna-Stanghelle vil kunne bli ferdig prosjektert i handlingsplanperioden, og utbygginga må starte opp når planlegginga er gjennomført.
5. Regjeringa si jernbanereform er konkurranseutsetting og privatisering av persontransport med tog i Noreg. Fylkesutvalet meiner dette vil legge press på dei tilsette sine løns,- arbeids- og pensjonsvilkår, og føre til ein auke i byråkrati. Å samle ansvar for drift, vedlikehald og styring i same organisasjon er ei betre løysing enn jernbanereforma si oppdeling i mange mindre selskap.